



28.04.2017

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Arkivsak: 17/1523

epost

Løpenr.: 17/6330

Sakshandsamar:

Ivar Kvalen

Melding om politisk behandling
Høring - endringer i rutetilbudet med ekspressbåtane Sogn – Bergen

Vi viser til dykkar oversending av høyringsdokument, arkivsak 16/9296.

Det vert med dette gjeve melding om at Kommunestyret har gjort slikt vedtak i møte den 27.04.2017, sak 19/17:

«Luster kommune har følgjande høyrings svar:

Rapporten «Utgreiing om endringar i rutetilbudet for Sognebåten» er utarbeidd på oppdrag av Sogn regionråd. Tiltaka i rapporten er basert på undersøkingar, analysar og arbeidsmøte mellom involverte aktørar. Sogn regionråd har samarbeidd med Visit Sognefjord og næringa for å finna gode tiltak.

Reiselivet er verdast største og raskast veksande næring, og i sogneregionen har det vore ei solid auke i talet tilreisande sidan 2013. Prognosane for vidare vekst er gode. Det er venta 5-15 prosent årleg vekst i reiselivet og den framtidige veksten må kome i skuldar- og vintersesong. Endra endestogg til Flåm vil binde Oslo-Sogn-Bergen sterkare saman også om vinteren.

For å leggja til rette for vidare trafikkauke er det avgjerande at vi har både heilårsrute og sommarrute. Luster kommune meiner ei utviding av vinter- og heilårsruta til å bli eit turistprodukt er einaste utveg for å sikre innbyggjarane i Sogn og Bergen ei båtrute til/frå Sogn-Bergen i framtida.

Det vert lagt opp til at næringa finansierer utvida sommarrute med to månader (april og oktober). For heilårsruta blir fylkeskommunen bedne om å finansiera driftskostnadane i inntil 5 år, medan næringa dekker marknadsføring og sal. Realistisk scenario viser at heilårsruta med endestopp Flåm vil gå med overskot i 2021.

Luster kommune meiner ei utviding av vinter-/heilårsrute med Flåm som endestogg er svært viktig samferdsletiltak om regionen skal lukkast med reiseliv heile året og for å sikra innbyggjarane i Sogn og Bergen ei båtrute til/frå Sogn-Bergen i framtida.»

Med helsing

Ivar Kvalen
ordfører

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur.

Kopi til:
Sogn regionråd
Sogn avis

ADRESSE:
Rådhuset
6868 GAUPNE

TELEFON:
Sentralbord:
57 68 55 00

TELEFAX
57 68 55 01

E-POST ADRESSE:
postmottak@luster.kommune.no

ORGANISASJONSNR.
964 968 241
Bankgiro:
3785.07.00142